

Treffpunkt og samværsarena

Illustrasjoner: Unni-Lise Jonsmoen

Det var triveleg i dei gamle ungdomshusa. Spør ein folk som har opplevd dei i fullt vigør blir ein straks forsynt med gode historier, sannferdige beretningar om hørt og hendt, ofte i historisk perspektiv, herlege skrøner som er framstelt som gudens sanning, og meir til. Det er mental oppbyggelse og sjeleleg påfyll. Ungdomshusa vart i seinare språkbruk oftast omdøpte til grendehus eller samfunnshus, men dei stod for samvær og kvardagspraksis i grendefellesskapet, slik dei alltid hadde gjort.

Eg fortel det slik eg sjøl har sett det og til dels sjølv har opplevd det, med atersyn som ein del av bakteppet, og med ei stemningsskapande undring over tidsforløp i ettertanken. Den første påminning om livets ustoppelege hastverk fekk eg forresten for mange, mange år sia. Ein fin laurdagskveld, gammaldags lummer sommarkveld, manna eg meg opp, sterkt tilskynda av kona mi, til å gå på fest, offentleg fest som det heitte den tid. I Basheim, med andre ord vår ekvivalent til alle dei ungdomshusa som fans i nærdistriktet, Tronshall i Tyllaldalen, Gimle på Fåset, Sølslottet på Plassen i Alvdal, Demring på Nytrøa i Tynset, Morgenrøden på Os, for å nemne andre lokale med sitt rette namn.



Ungdomshusa hadde sterke, symboltette eller lokalfarga namn. I Tynset fans Heim i Åen, Bjørklund på Kvikne, Folkvang på Telneset, Fram og seinare Glomtun på Neby, Fålund i Fådalen, Solvang på Kvikneskogen, Midtvang i Brydalen, og i seinare tid Kjæreng grendehus, Kvikne samfunnshus, Tyllaldalen samfunnshus, Lonås grendehus.

Tilbake til gjensynet med eigen ungdom og laurdagsdansen. Eg var nyvaska, optimistisk og kvithåra, slik eg hadde vore sia eg var 40. Men da me nærma oss inngangsdøra overhørte eg følgjande replikk frå ein i den vesle flokken av halvgammal ungdom som stod utom døra: Jøss, slepper dei inn sølvrevar òg her?

Eg er den dag i dag flau over å innrømme det, men eg vart så betenkt, kanskje til og med fornærma, at eg snudde og gjekk heimatt.

Og dermed er eg ved eitt av mine kulepunkt: I ungdomshuset skulle ein sleppe inn alt. Ein trudde at dei aller fleste som ville inn i ungdomshuset var bra folk, og det var dei. Det heitte ungdomshus, og definisjonen av ungdom var vid. Det omfatta heile spennet frå 14 år og til 90. Ja, naturlegvis ungar òg, når det var tilstellingar dei ville vere med på. Og det var det fine, ungdomshuset vart eit slags sosialt innføringskurs for ungene i nærmiljøet, ja for foreldre og besteforeldre òg for den saks skyld. Ungar var med, fekk høre, sjå og lære. Godt og gale, vil vel somme hevde. Bare positivt, vil eg seie: det er utruleg som ungar eigentleg er i stand til å forstå. Dei veit å skjelne mellom det som er uvesentleg og lite verd, og det som ein kan lagre som sjølopplevd erfaring og dermed innsikt.

Seinare vart det segregasjon mellom generasjonane. Ungar for seg, dei utgjorde det som vart heitande barnekulturen, ungdom for seg, ungdomskulturen, 40-åringar for seg, utan kultur, og til sist kaffe og vaflar og kanskje seniordans, som ikkje er det same som gammaldans. Eg kjenner meg medskyldig. Det var min generasjon som starta den aldersdelte samværestrenden. I dag trur eg folk er meir fornuftige enn me var. Det er altså ikkje rett at ein går rundt og skryter av gammal og klok.

Det var gjerne Noregs ungdomslag, som samarbeidde med folk flest, for ikkje å seie noen ekstra interesserte, eldsjelene, som stod for å få reist ungdomshus. Det var ein grunnleggande

folkeopplysningstanke, på mange vis eit framhald av folkehøgskoleidéane som utløyste kulturell frigjerings og utvikling i bygde-Norge. Godt tenkt blir det forresten alltid nok av, men her vart det både tenkt gjennomført, myegodt på dognad.

Slik fekk ungdomslaget rom for sine møte, sine festar, sine aktivitetar. Aktiviseringstanken var sterk, så å seie sjølve manifesteringa av opplysningstanken. Noregs ungdomslag hadde reiseskrivarar som drog rundt og kursa styra med pust frå skriarstova i Oslo. Somme av dei var landskjente. Eg reiste dessverre for tidleg ut på skule og vart hybelbuar til at eg fekk oppleve ved sjølsyn reiseskrivarane i full utfolding, men eit par var eg i kontakt med likevel. Idealistar, med ei nesten overjordisk tru på potensialet i norsk bygdeungdom.


Foredrag skulle det vere, song og leik, helst folkeviseleik, mindre dans, som ei tid ikkje vart rekna som fullgod opplysningsaktivitet for sunn landsungdom. Men storparten av oss var så forherda at me sat der og venta på gammaldansen, som forresten bare heitte dans. Først med tango og foxtrot og sving og rock around the clock, vart dansen gammal nok til å få nemninga gammaldans.

Ungdomshuset stod der og tok i mot alle kulturendringar, med scene og sceneteppe, talarstol, foto på veggene av Bjørnson og Anders Hovden og andre nasjonale storkulturar, Garborg og kanskje Hulda attpå. Dei hang der og såg ned på oss.

Det fans kjøkken og bord med langkrakkar ikring nedst i salen. Temmeleg primitivt. Men maten var aldri så viktig; den bar ein med seg. Først seinare, da

magre østerdøler kom på det trinnet i velværestigen at dei fann behov for å trimme bort flesket, vart det utvida kjøkken i ungdomshuset, og restaurant, slik ein kalla det romet der folk kunne fylle magen på selskapeleg vis.

Dei gamle ungdomshusa var attkjennelege innvortes. Frå grend til grend. Ofte kunne ein sjå stålstenger binde saman veggene som spenn over salen, til festleg bruk dekorerte av samantvinga kreppapir, i nasjonalfargar, eller ved juletider i raudt og grønt. Ein vart samværglad ved synet. Kom i stemning. Eg ser for meg gamle Basheim, kaldt som eit uthus, enda rundommen murra og mol tørrbjørk og sende varmemølgjer ikring seg. Måla sceneteppet, så ein i farten kunne innbille seg at det var raudbrun fløyel som falda seg før det gjekk til vers og bakteppet kom fram, norsk fjellbjørk og lysblått vassdrag, av og til bytt ut med den viktigaste kulisen, norsk tømmervegg med påmåla gongglas, liksom ut mot bygda og alle gammalungkarane som der gjekk nesten bevisstlause av friarlyst.



Hit kom folk for å høre på lange foredrag. Det var ikkje berre reiseskrivarar frå Noregs ungdomslag og IOGT,


men også dei som reiste for folkeakademiet eller andre organisasjonar. Eg minnes den blinde organisten Geburg Åsland, som spelte og kåserte, ypperleg underhaldning og pedagogisk kulturformidling. Seinare kom Anders Saus med trekkspel og song, og Stordahl og Engedal. Stokk blinde, til gjengjeld fylte av musikkglede og humør.

Underhaldning kunne òg vere oppbyggelse, med lysbilder frå misjonsmarkene og smalfilm frå Etiopia. Misjonærar gjorde, for å ta eitt eksempel, keisar Haille Selassie for meg til ein helt – vesle David mot facistiske Goliat Mussolini. Beundringa varte heilt til eg i godt vaksen alder oppdaga at han som heltar flest hadde sine despotiske sider.

Dei meir heimeavla omvendarane var det ikkje så lett å ta på alvor, kanskje nettopp fordi dei kom frå nærmiljøet, der ingen skulle stikke seg ut om det så galdt sjels frelse. Det var ein eg enno hugsar, eit godt menneske, som i oppriktig alvor fortalte om si tru og sin tvil med denne illustrasjonen: Gud sa i venstre øre, les bibelen, djevelen sa i høgre, les Østerdølen. Ein ryss i sin verste alder, og med meir fysisk enn psykisk fantasi, opplevde det som ein hovudristande seanse.

Eg hugsar omreisande trekkspelvirtuosar med Czardas av Monti – kanskje var det ein omreisande fiolinist, forresten, alle erindringar har stor feilmargen? – for ikkje å seie demonstrasjonsstykke av Pietro Frosini så fingerferdig at ein ikkje trong særleg gehør for å kome i beundrande modus. Men aller best var tryllekunstnarar, som for meg var i mest atråverdig posisjon. Eg såg på det som ein karriereveg og eit framtidstyrke.

Desse kom utafra og var med det eit eksotisk innslag mellom alle dei funksjonane ungdomshuset egentleg hadde. Men enda større betydning hadde nok det heimelaga, som gjorde ungdomshuset for sin arena for utfalding. Scenen var det lokale nasjonalteater. Tylldølene og Tronshall kan stå som felles multiplum for heile Nord-østerdalen. Ikkje det minste rart at Ul. Uredd var utplukka som demonstrasjonsteater ved ungdomstemnet på Tynset i 1957.



Dei små, litt primitive scenene gav akkurat høveleg utviklingsareal til små og store talent. Spelstykkane var som skapte for glade amatørar. Tenk på det som gjekk under nemninga revy. Eg har medverka, både med penn og i opptrinn, så eg seier ikkje meir om det. Men i Basheim fekk me for eksempel gjestespel frå sentrum. Da var eg bare 8 år, men eg opplevde det sterkt.

Ved juletider i 1940 hadde ein gjeng unge menneske premiere på revyen "7 mann og en pike" på Jørgenshaugsalen i Alvdal sentrum, altså på Steien, med Ellen Nyeggen som einaste pike, og

med Kjell Aukrust i ensemblen. (Ernst Halmer var revysjef og Ivar Steihaug, Alf Gjelten, Petter Tronslien, Hans Storeng og Halldor Nyeggen). Etter munter suksess i sentrum la gjengen ut på turné, til Strømmen, Egnund og Plassen. I Sølslottet hadde dei ikkje fått opp døra da folket strømte til i store mengder. Ingen hadde venta slikt oppbud i kaldveret. Det var 30 minus, og til siste var det ein av dei medverkande som oppdaga den avlåste situasjonen og ropte: Få opp døra så døm itte frys ihæl! Da "Syv mann og en pike" gjesta Einaly, ungdomshuset ved Egnund, møtte Vesle-Ivar opp, ungdomsprest, seinare prost i Nord Østerdal prosti, og sonen til den kjende Ivar Mortensson Egnund, prest, diktar, Eddagranskar, antroposof og anarkist. Vesle-Ivar – kjent for alltid å kle på seg nesten til kanten av overdrivelse – satt på første benk. Kaldt var det, men solid fyr. Ivar hadde som alltid kledd seg godt. Etter kvart som varmen og stemninga steig, titta 'n Kjell jamnleg fram frå ein glip i sceneteppet for å sjå korleis det gjekk. Han rapporterte tilbake til dei andre: 'N Vesle-Ivar har knept opp første frakk-knappen. Kjell følgte med når han ikkje sjøl var på scenen: No har han opna ein til, og enda ein. Da frakken var knept opp for fjerde gong kunne Kjell konstatere: No er'n Ivar komen innom frakken til strik-kejakka utpå dressa.

Av og til våga ungdomslaget seg på meir djuptenkte spelstykke, som verkeleg sette både dei medverkande og publikum på prøve. Det kunne vere "Siste stikk" av Tor Jonsson, eller "Kvendømer" av Stein Balstad. Men det meste var enkel dramatik og muntre ablegøyer. Morosamt var det for det nære

publikum fordi ein hugsa kvardagsmenneske attom rollefiguren. Det vart ei slags dobbeleksponering som hausta lykke. Det er forresten ein ting eg aldri har forstått, korleis eit sett av geberdar gjekk att, som uttrykk for spesielle sinnsstemningar. Tante Margit, som var ein munter amatør til godt over dei 80. slo seg på knea for å gi uttrykk på scenen for latterutbrot. Det same gjorde Jakob Møller, ein annan trufast gjøglar i losje og ungdomslag, krøkte seg og slo seg på knea. Det såg eg aldri noen av dei gjorde i sine kvardagslege liv.

Ungdomshuset vart samfunnshus, vart modernisert eller nybygd, fekk anna liv, men hadde framleis sin vide og viktige samværsfunksjon. Lokala fekk utvida bruk, vart enda meir anvendelege, og stod som før sentralt i folks liv. Det var grendene som greidde det. I dei bygdesentra eg kjenner til måtte offentlege instansar ta hand i hanke, og i det minste organisere dugnadshjelp for å få bygd sine kulturhus, medan grendene tok jobben sjølv, frå opptak til innviingstilstelling. Så omfatta huset også heile den menneskelege livskurve.



Det romma barnedåp, konfirmasjon, bryllaup, femti, seksti og syttiårsdagar, og minnestunder etter gravferd. Ein kan faktisk utan å dikte seg til svaret hevde at ungdomshuset, av og til bare omtala som huset, er eit stykke samfunnshistorie i materialisert forstand.

For eit par år sia fekk eg som gåve frå min gode ven, rektor for Lemvig gymnasium, Lasse Ebbensgaard, ein herleg roman av Jens Smærup Sørensen med tittelen Mærkedage. Han skildrar eit bondesamfunn i liv og endring med samfunnslokalet som litterær kameralinse. Både skarpt og sant sett. Me kjenner det att frå eige miljø. Ungdomshusa vart sjølve den synlege og praktiske kvitering for folks omtanke og samarbeidsevne. Men det kosta arbeid og energi, det skapte dugnad og samkjensle og glede.

Far min var formann i ungdomslaget Framtida da laget nyreiste og avløyste det som til den tid, i 1928, var det gamle ungdomshuset i mi grend. Huset stod ferdig til innviingstilstelling 1. juledag 1928. Da la dei siste golvborda på plass, og så skulle det vere fest, med foredrag, song og taler, dans. Ein av dei ivrigaste gammalkarane, brukte skrå. Han prøvde å passe seg, men var kjent for å vere ein storforbrukar av tyggetobakk, ein kvartrull for dagen. Resultatet var at etter Lang-Jo vart det svarte flekkar utetter golvet etter kvart som han hadde arbeidd seg fram til ferdig produkt. Det far min fortalte – det vart brennkaldt – var at han som ansvarleg formann låg på kne og skurte bort svartbrunt tobakksikkel heile natta til 1. juledag, og smellfyrte, for jamvel om varmen steig og huset var nytt – reisverk og faspanel med tynnkledd isolasjon vil eg tru –

fraus han på fingrane der han skrubba og skurte.

Trass i flotte namn sa folk mange stader ungdomshuset, eller bare huset. Forståleg nok, for sjølv om ungdomshuset var tiltenkt ungdomen som primærbrukar, var definisjonen av ungdom vidopent romsleg.



Skulle bare mangle òg, for alle brukte det. Eg kan den dag i dag oppleve heile mitt liv i ei sansing når eg kjem på juletefest og får kakao og smørbrød med egg og ansjos. Eller feirar 17. mai i Basheim, optimistisk sommarkledd midt i snøblanda vårvind, med Ja vi elsker, og Fagert er landet så Anders Hovden på veggen i restauranten feller rørte tårer.

Det sommarlege ungdomstemnet hadde ungdomshuset som naturleg fastpunkt, og gjekk på omgang frå lag til lag, med andre ord frå bygd til bygd. Her var det både seriøs diskusjon og fest. Framleis var ideala blanke. Somt var heva over diskusjon, til dømes bruk av alkohol.

Ein tylldøl fortalte meg om eit stemne i Tyllaldalen, varmt i veret, og med dans ute ved Tronshall, eg hugsar ikkje detaljar i det han fortalte, men eg hugsar poenget. Han stod for å selje brus og landsøl, så godt som alkohol-fritt som det var. For å kjølne ølet hadde dei sett flaskene i ei bøtte med kaldvatn, og somme etikettar hadde losna. Dakom det eit par nykonfirmerte som hadde ekstra behov for å gjere seg karsleg bort og fleipa med at dei var vel ikkje såpass til karar, tylldølene, at dei hadde skikkeleg øl? Å jo da, svara tylldølen lågt, me har, men det er ikkje lovleg, så me har fjerna etiketten. Dei kjøpte tre-fire flasker tvert, og halvtimen etter var dei sjanglande fulle. Av alkoholfritt øl. Det har fått meg til å dra denne slutninga: Er det innbilling meir enn promille ein alkoholpolitisk skulle satse på?

Ungdomshuset hadde eit samfunnsopdrag. Der samlas det meste av bygda. Eg veit det fans unntak. Det vil seie folk som ein gong i tida ikkje sette sine føter der, fordi synd og dans stod for dei som ein barriere for aksept. Det har gått over som det meste av absoluttar.

Samfunnsopdraget hadde pedagogisk karakter. Ungdomen skulle få bryne seg, frigjere og utvikle eigne evner, skrive sjøl i lagsavisa, lese opp, synge, drive med musikk, spele teater,

lære å danse, blir kjent med andre ungdomar, få seg kjærast. Utvikle seg.

Folk, og det galdt alle aldrar, var flinke til å finne på festlege høve. Skotårsfestane vart for langt i mellom. Det måtte anna til, basarar for eksempel, i seinare utgave bingo, pakkefestar, mitt første møte med Tronshall var pakkefest. Eg var den tid allmennpraktiserande kåsør og fekk såleis innsyn i det østerdalske festliv. Pakkefesten i Tyll-dalen hugsar eg livaktig godt fordi auk-sjonarius var ein snarvittig og ordhittug herre.

Det var utruleg så mange påskott folk hadde for å kome saman til løft utanom kvardagen, pølsemoro, skyttarfest, skiseksa og femtedagsfest. Om eg skulle smelle til og bruke stororda kunne eg seie: Tronshall var ein slags forskule til livet sjølv, ei forskule til anna skulegang, til folkehøgskulen for dei som søkte seg til den, og seinare vart aktivitetane i Tronshall ei forlenging av høgskuletanken, Grundtvigs velkjente formulering: Immer lysten driver verket!

Dei eldste ungdomshusa var, som sagt, temmeleg primitive forsamlingslokale. I fleire ungdomshus var garderoben, om slikt fans, ein stad ein måtte vere synsk for å finne att yttertøyet sitt, loftsalen i Basheim vart brukt som supplement til "bagroa" (der nykonfirmerte gutar klumpa seg saman for ikkje å forgå av sjenansen), garderoben i Gimle på Fåset med store stativ som fekk topptyngde var det mye folk og velta med kåper og vinterfrakkar til julepynta festfolk. Eg har enno ikkje nemnt utedo og andre tvilsame attraksjonar.

Tynsetingen Sigurd Wegner, velkjent for si evne til å kneppe saman sine observasjonar til presis bygdehistorie,

fortalte meg at han alltid hadde med seg hammar på fest i Lonåsen. Da eg litt forskremt undras om det gjekk så hardhendt for seg, kunne han trøyste med å forklare bruk. Han hadde med hammar og ein spikar. Når han kom slo han ein spikar i tømmerveggen bak i lokalet og fekk hengt frå seg frakk og hatt. Når han skulle heim sette han på seg hatt og frakk, brukte kloka på hammar, drog ut spikaren, og dermed var hans problem ute av verda. Eit lite hol i ein gammal tømmervegg vart usynleg blant dei mange tusen som var der frå før.

Eg framstår, som andre eldre menneske litt nostalgisk, men er ingen fortidsdyrkar. Dei nye, moderne samfunnshusa har vidareført det beste av felles kvardagsaktivitet og fest i sitt lokale revir. Noe av den nære og tette, trong-budde sjarmen er kanskje borte, men det er bare me godt vaksne veit. Yngre får først sjå si fortid som gammalrosa illusjon om femti år. Til gjengjeld kan me alt no oppleve at det er romsleg, luftig og triveleg, ikkje minst hygiensk for-svarleg å kome på samfunnshuset.

Med erfaring frå mange års omfarannde virke som 17. maitalar veit eg at uteliv og samvær har endra seg, men eg syns folk er folk no som før. Dei slåss mindre på offentleg fest, meir heime hadde eg nær sagt. Eigentleg er det eit trekk som karakteriserer vår tid, med privatisering av sorg og glede, og samvær. Folk er bra folk, så kom ikkje her. Men me må passe på. Me må tukte oss ut av den varme, intime sfære ein gong i blant, skritte over største barrieren i eit menneskeliv, dørstokken, og vere med på den folkedugnaden det er å beskytte våre sosiale samværsarenaer.

Dugnaden er meir verd enn alle of-

fentlege tilskott. Det har med menneskeleg oppseding å gjere, med danning. Når eg ser at Høgskolen i Nord-Trøndelag krev danning som ein del av utdanninga, forstår me at noe kanskje er forsømt dei siste decennium. Det ungdomshuset var aktivt medverkande til og stod for, må me altså studere oss fram til. Litt forunderleg å tenke på at ein må ta opp studielån for å fatte det ein alt har. Men me greier det nok, kjenner eg bygdefolk rett.

Artikkelen er eit kåseri på årsmøtet i Tylldalen bygdetun, Kjerkjestua, 25. februar 2013.